



Ivar Baste kjem med toppaktuelt tema. Foto: Kvinnheringen

Ivar Baste kjem i Senioruniversitetet 19.september

Jorda er ein levande planet prega av eit mangfald av planter, dyr og mikroorganismar som er vevde saman i ulike økosystem. Dei leverer livsviktige tenester for mennesket, slik som ein atmosfære som vi kan pusta i, mat, fiber, medisinar og energi som vi kan hausta

Denne livsveven på kloden er vi sjølve ein del av, og i stadig aukande grad påverkar vi han slik at han blir varmare, fattigare på livsmangfald og meir ustabil. Ivar Baste vil fortelja om det internasjonale arbeidet med å ta vare på mangfaldet av liv som gjer det mogeleg for menneske å leva på jorda. Han vil òg spela litt piano og reflektera over omdet er nokon samanheng mellom jazz, økologi og kunsten å skapa eit berekraftig samfunn.

Ivar er utdanna økolog og arbeider som seniorrådgivar i Miljødirektoratet med kontor i Rosendal. Han blei tidligare i år vald inn i styret for det internasjonale panelet for biologisk mangfald og økosystemtenester (IPBES). Panelet blei nyleg oppretta for å styrka samspelet mellom forskning og forvaltning slik at vi betre kan forstå kva økologiske endringar har å seia for velferda vår og kva vi kan gjera for å ta vare på biosfæren.

Ivar har mange års erfaring frå nasjonalt og internasjonalt miljøarbeid, som avdelingsdirektør i Miljøverndepartementet, ambassaderåd i Utanriksdepartementet, utgreiingssjef i FNs Miljøprogram (UNEP) i Nairobi og direktør for FNs interne miljøsamarbeidsorgan (EMG) i Genève. På fritida spelar han mellom anna piano i Rosendal Jazzverk.

Av Grethe Brundland